

Wessels
skrifter

Johan Herman Wessel

☛ Johan Herman Wessel (1742–1785) kom frå Vestby i Akershus. Han var presteson og gjekk på latinskole i Oslo. Nitten år gammal reiste han til København for å studere vidare på universitetet, men han var ingen flittig student og tok aldri nokon eksamen. Derimot var han aktiv i Norske Selskab, ein litterær og patriotisk klubb for nordmenn i København. Her var han i godt selskap med Johan Nordahl Brun, Johan Vibe, Jens Zetlitz og fleire andre som skreiv dikt og annan skjønnlitteratur.



*Huset i Vestby i Akershus
der Johan Herman Wessel
vart fødd*

Kierlighed uden Strømper

☛ Wessel er namngjeten for dei elegante versa og komiske forteljningane sine. Han skreiv mellom anna ein parodi på dei franske klassisistiske tragediane, *Kierlighed uden Strømper*. Her følgjer han reglane for dramaturgi og høgtidleg språkbruk som særmerkjer denne typen tragediar, men karakterane i stykket hans er enkle handverkarar, framferda deira er latterleg og konflikten heilt triviell. Stykket kom på trykk i 1772 og vart framført på Det Kongelige Theater i København i 1773. Det vart ein stor suksess.

☛ Handlinga går i korte trekk ut på at heltinna Grete får eit varsel om at ho må gifte seg innan dagen er omme. Mannen ho elsker, Johan von Ehrenpreis, er skredar og har reist bort for å bøte buksene



Titelbladet på den første utgåva av *Kierlighed uden Strømper* frå 1772

til ein major. Ho vender seg derfor til den tidlegare kjærasten Mads. Johan kjem tilbake, men manglar strømper og kan derfor ikkje gifte seg. Han stel da strømpene til Mads, men Mads oppdagar dette og skjeller ut Johan. Deretter tek Johan livet sitt, og til sist tek like godt alle livet av seg.

Andre skrifter av Wessel

☞ Wessel skreiv fleire teaterstykker, men ingen av dei var nokon suksess. Derimot gav han ut mange humoristiske versforteljingar som vart populære, som «Herremanden», «Hundemordet», «Mosters Pølser», «Gaffelen» og «Sme-

den og Bageren». Også småversa og improvisasjonane hans vart raskt allemannseige.

☞ Ein av grunnane til at Wessel har vorte ståande i ettertid, er at han var slagferdig og humoristisk. Han deklamerte egne tekstar i Norske Selskab og var ein meister i å improvisere, til stor jubel frå alle.

☞ Wessel levde som ein bohem, han drakk for mykje, var plaga av sjukdom og økonomiske problem og døydde berre 43 år gammal. Han let derfor ikkje etter seg nokon stor litterær produksjon.

☞ Denne gravskrifta som han laga over seg sjølv, seier nokså mykje om livet han levde:

*Han aad og drak, var aldrig glad,
Hans Støvlehæle gik han skieve;
Han ingen Ting bestille gad,
Til sidst han gad ei heller leve.*



Detalj frå «En aften i Det norske Selskab» av Eilif Peterssen. Mannen med glaset er Wessel.

«Smeden og Bageren»

«Smeden og Bageren» er ei humoristisk forteljing som kritiserer rettsstellet og mangelen på fornuft i samfunnet. Handlinga går føre seg i ein liten by der det finst to bakarar og éin smed.

Smeden er ein kranglefant og skaffar seg ein fiende i den eine bakaren. Ein dag møtest dei to på vertshuset. Dei tek til å krangle, og krangelen endar med at smeden slår den andre i hel.

I retten hevdar dommaren prinsippet om at «liv for liv maae bødes»: Dersom ein tek liv, må ein sjølv bøte med livet. Men så seier fleire av borgarane at dei berre har éin smed i byen, og han er det viktig å ta vare på. Derfor må dommaren vise smeden nåde, meiner dei. Sidan byen har to bakarar, kan heller den eine av dei, ein gammal og skrøpeleg kar, ta straffa.

Og slik endar det: Bakaren blir uskuldig dømd, og den skuldige går fri.

Uttrykket «å rette bakar for smed» stammar frå denne teksten av Johan Herman Wessel, og tyder altså opphavleg å dømme ein uskuldig for eit brotsverk som ein annan er ansvarleg for.

Ordforklaringar:

de honette – dei respektable (fransk)
Feldskiær – ein lege (eig. militærlege)
hisset gå – bortanfor (dvs. himmelen)
opsette sagan – utsetje saka
ikkun – berre
af Lave – ute av lage
græd – gret



